



Sak nr 23/2013

Møtedato: 19.6.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Søknad om tilskot til bokprosjekt

Vestre Slidre historielag søker i brev datert 6.6.13 om tilskot til eit bokprosjekt med gamle foto frå Vestre Slidre. Laget ynskjer å gjera dette medan nokon ennå kan fortelja historiene som høyrer til. Laget har planlagt at boka kan bli ferdig til hausten 2014 eller 2015. Det er budsjettert med kr 250.000 i utgifter og kr 150.000 i inntekter. Dette gir eit underskot på kr 100.000. Laget søker fjellstyret om eit tilskot på kr 20.000.

Fjellstyret hadde sist år eit underskot på kr 350.000 som i stor grad skuldast nedgang i jaktinntekter. Vi kan ikkje forvente å auke inntekta noko særleg dei fyrste par åra. Fjellstyret må derfor ha ein strengare vurdering av utgiftene. Dette gjeld både eigne tiltak og tildeling av tilskot. Sist år innvilga fjellstyret eit tilskot til idrettslaget på kr 100.000 til skianlegg på Vaset som skal utbetalast i 2013. Fjellstyret har også ei ordning med tilskot til framføring av straum og kjøp av aggregat for stølar som driv mjølkeproduksjon. Det er betalt ut kr 50.000 til dette i år. Vidare gir vi faste tilskot til stølspost, turmålpremiar, tilskot til jegerprøve mm.

Vedtak:

Fjellstyret ser dette som eit svært positivt tiltak og gir eit tilskot på kr 10.000. Beløpet kjem til utbetaling det året boka blir gjeve ut.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.6.13

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre historielag